

Fra: Jo-Harald Færø <johf_2@hotmail.com>
Sendt: tirsdag 4. juli 2023 10:05
Til: Postmottak Alver; sfvpost@statsforvalteren.no
Kopi: Sara Sekkingstad
Emne: Pukkverk på Eidsnes kai/næringsområde - klage på støy- og støvplager - mangelfulle reguleringar

Til: Alver kommune, Statsforvaltaren i Vestland

Kan framleis ikkje sjå å ha mottatt svar frå kommunen på e-postane under.

Etter mi vurdering er ikkje den verksemda som per i dag er etablert på næringsområdet på Eidsnes kai i samsvar med føremål i reguleringsplanen. Ein konsekvens av dette er at verksemda heller ikkje er forsvarleg regulert.

Pukkverk/steinknuseverk krev som hovudregel konsesjon etter minerallova (noko som føreligg) og grunnlag i kommunale planar (i praksis i reguleringsplan).

I kommuneplanens arealdel er det aktuelle området etter det eg kan sjå sett av til "næringsbygningar", ikkje "råstoffutvinning" (slik som til dømes steinknuseverket på Eikefet). I reguleringsplanen er området regulert til ulike kombinerte næringsføremål, men det er heller ikkje her noko som indikerer at drift av eit steinknuseverk er i samsvar med reguleringsføremål. Tvert om står det i reguleringsplanen at det er kontorføremål, forretningsføremål og andre lettare industriføremål som er meint etablert.

Ser ein på reguleringsplanar for andre steinknuseverk/pukkverk, vil ein sjå at desse inneholder langt meir detaljerte reguleringar av driftstid, tiltak mot støy- og støvutslepp osv. enn den gjeldande planen. Reguleringsplanen for Eidsnes inneholder ingen "pukkverksspesifikke" føresegner, som ivaretok miljøet og dei som bur i nærleiken av anlegget.

Støy- og støyplagene frå anlegget er store, særleg for oss som bur på Eknes. Dette skuldast lokale topografiske tilhøve, sjø mellom anlegget og bustadområda og vanleg vindretning. Det er difor klart uforsvarleg at det pågår sterkt støyande og støvande arbeid på anlegget fram til minst kl. 23 på kvardagar, samt i helgene. Minstekrava i forureiningslova og forureiningsforskrifta kap. 30, som tiltakshavarane hevdar å respektere, er ikkje tilstrekkelege.

Etter vårt syn har verksemda på næringsområdet vorte noko anna enn det er regulert for. Rettsverknaden av ein reguleringsplan er at tiltak i strid med føremål er forbode. Slik eg ser det har kommunen difor to val; anten stenge ned anlegget eller etablere forsvarlege krav til drifta som ivaretok oss som bur på Eknes.

Ved brot på forureiningslova (med forskrifter) er det vel slik at Statsforvaltaren vil vere primær tilsynsmyndighet, og denne e-posten går difor også til dei. Alver kommune vil på den andre sida ha eit ansvar for å føre tilsyn med at etablert verksemd er i samsvar med kommunale planar. Kommunen er ansvarleg planmyndighet. Vi ber difor om at også kommunen ser på denne saka.

Vi er sjølv sagt klar over at arbeidet som går føre seg på Eidsnes er som ledd i tilretteleggjring av næringsområdet, men no har denne verksemda gått føre seg sidan 2016 (minst), og gått over til kommersiell pukkverksdrift. Anlegget må då regulerast tilsvarande.

Venleg helsing,

Jo-Harald Færø

mob.: +47 91750230

From: Jo-Harald Færø <johf_2@hotmail.com>

Sent: Friday, June 16, 2023 9:28 AM

To: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>

Subject: Re: Pukkverk på Eidsnes kai/næringsområde - ber om klårlegging av innhald i kommunale planar

Saknar tilbakemelding på e-posten under.

Gjer merksam på at innsynskrav skal behandlast utan ugrunna opphold (i praksis innanfor eit tidsrom på 1-3 verkedagar).

Meldinga under skal forståast slik at ein ber om innsyn i:

- samtlege løyve som er gjeve knytt til steinknuseverket og næringsområdet på Eidsnes
 - gjeldande kommunale planar, inkl. reguleringsplanen som ligg til grunn for løyvet/-a
- Elles ber ein om kommunen si rettleiing som etterpurt under.

Venleg helsing,

Jo-Harald Færø

mob.: +47 91750230

From: Jo-Harald Færø

Sent: Friday, June 9, 2023 11:48 PM

To: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>

Subject: Pukkverk på Eidsnes kai/næringsområde - ber om klårlegging av innhald i kommunale planar

Det vart 9. mars 2015 gjeve rammeløyve til vegar, mellombels riggområde, terrenginngrep og anlegg/konstruksjonar på Eidsnes kai/næringsområde. Løyvet har ref.: 15/655 - 15/5050. Etter det eg forstår er dette det einaste løyvet som er gjeve i saka frå Lindås/Alver kommune si side, men det kan kommunen sjølv få stadfeste eller korrigere meg på.

I ettertid (uvist på kva tidspunkt) har eigarane av det aktuelle området, etter det eg har fått opplyst, fått konsesjon etter minerallova til uttak av mineralar og drift av steinknuseverk. Steinknuseverket omset etter det eg forstår pukk og stein på den opne marknaden, i samarbeid med DC Resources, som også driv steinknuseverket på Eikefet. Sist eg var nede ved næringsområdet, stod det eit større knuseverk der (permanent innretning) og to andre mobile einingar. Tiltaka og det mellombelse riggområdet som Lindås kommune i si tid gav løyve til, er såleis konvertert til eit fullskala steinknuseverk.

I rammeløyvet som kommunen har gjeve, går det fram at eigedomen er omfatta av reguleringsplanen for Eidsnes Næringsområde, og at ein legg til grunn at tiltaka er i samsvar med planen. I same avsnitt er det vist til krav om ein massehandsamingsplan.

Massehandsamingsplanen som er lagt ved søknaden er enkel, og byggjer på at sprengstein vil verta sortert og brukt til oppbyggjing av tomter og vegar i området. Vidare heiter det at overskotsstein skal transporterast ut.

Eit spørsmål som melder seg er om drift av eit større steinknuseverk ligg innanfor ramma av gjeldande reguleringsplan?

I Miljødirektoratet sin rettleiar for pukkverk heiter det mellom anna:

*Etablering av pukkverk innebærer store terrenginngrep. Plasseringen av anlegget i forhold til bebyggelse og naturområder er dessuten avgjørende for hvor omfattende støy- og støvulemper det vil medføre. **Viktige avklaringer med hensyn til plassering og arealbruk bør derfor gjøres i kommunale planer, og helst i en reguleringsplan med tilknyttede reguleringsbestemmelser.** Etter plan- og bygningsloven § 12-7 nr.3 kan det i reguleringsplan settes utsleppsgrenser for støynivå, luft- og vannkvalitet, tidsbegrensninger, krav om tekniske løsninger m.m. Kommunen kan altså dersom det er hensiktsmessig, i reguleringsplanen regulere de samme forholdene som man gjennom forskrift eller tillatelse kan stille krav om etter forurensningsloven. Kommunens krav kan være strengere enn kravene i forurensningsforskriften kapittel 30. I slike tilfeller vil de strengeste kravene gjelde. Fylkesmannen kan ikke håndheve eller sette avvik på overtredelser av bestemmelser til reguleringsplan.*

***Et pukkverk kan ikke starte opp uten at virksomheten er i samsvar med kommunale planer etter plan- og bygningsloven, med mindre kommunen har gitt dispensasjon fra planen.** Fylkesmannen kan påpeke at drift av et pukkverk etter forskriften eller særskilt tillatelse etter forurensningsloven er ulovlig dersom det ikke er samsvar med endelige planer etter plan- og bygningsloven, jf. forurensningsforskriften § 30-11 tredje ledd og forurensningsloven § 11 fjerde ledd. Se også veiledning til § 30-11 Meldeplikt.*

(...)

Basert på dette ber eg om at kommunen klargjer kva som står i gjeldande planar for området;

Tillet planane drift av pukkverk? Kva krav har kommunen i tilfelle stilt i reguleringsplanen når det mellom anna gjeld utsleppsgrenser for støynivå og tiltak for å redusere miljøpåverknad?

Eg ber om at kommunen klargjer desse punkta, og sender over gjeldande reguleringsplan med markering av dei føresegne i planen ein eventuelt meiner tillet slik verksemد som no er etablert på staden.

Venleg helsing,
Jo-Harald Færø